



Forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i time kommune for 2027

Fastsett av kommunestyret i Time kommune xx.xx.2026 med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar \(barnehagelova\) §§ 19 og 19a](#) og [forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar \(finansieringsforskrifta\) § 1](#), jf. [§ 6](#).

§ 1 Verkeområde og ikrafttredelse

Forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Time kommune for tilskotsåret 2027. Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova [§ 19 første og andre ledd](#). Forskrifta tek til å gjelde frå 01.01.27.

§ 2 Satsar for grunntilskot

Ved utrekning av grunntilskot til private barnehagar vert følgjande satsar per heiltidsplass nytta:

Ordinære barnehagar:

- Barn 0–2 år: 287 964 kr
- Barn 3–6 år: 151 924 kr

§ 3 Utrekningsgrunnlag og atterhald om endringar

Satsane er utrekna på grunnlag av siste tilgjengeleg kommunerekneskap, som er rekneskapsåret 2025. For ordinære barnehagar er satsane utrekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar, med dei fråtrekka og påslaga som følgjer av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå utrekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønsvekst i kommunesektoren).

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- Kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- Nasjonale myndigheiter vedtek endringar i lov og forskrift i løpet av tilskotsåret som fører til endringar i utrekning av satsar

Eventuelle justeringar av satsar som følgje av forhold nemnde i første ledd, vert gjorde administrativt utan førehandsvarsel, jf. [forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c](#). Justerte satsar vert formidla til private barnehagar, og forskrifta vert oppdatert utan ugrunna opphald.

§ 4 Dokumentasjon på berekninga

Utrekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk og grunnlaget går fram av vedlagte dokument *Sats grunntilskot private barnehagar 2027*.

§ 5 Enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Tilskotet til den einkilde private barnehagen vert fastsett som enkeltvedtak etter barnehagelova [§§ 19a–c](#) og [finansieringsforskrifta § 3](#), med grunnlag i satsane fastsett i denne forskrifta.